

Velkomne til Årsmøte Hovda Utmarkslag SA

Stad: Småsalen Fiskå Ungdomshus

Dato og tid: 17. Mars 2023 Kl. 19:00

Styret.

1	Godkjenning av Innkalling	✓
2	Sakliste	✓
3	Val av møteleiar	✓
4	Møtebokskrivar	✓
5	2 til å signere møtebok	✓

Årsmelding for driftsåret 2022

Reidegjering av drifta til Utmarkslaget

Harald Søvdsnes 17.03.2023

Etter forrige Årsmøte 25.03.2022 konstituerte det nye styret i Hovda Utmarkslag seg den 30.03.2022 der styret vart samansett i tråd med valresultatet i Årsmøtet den 25.03.2022, og; Per Marius Lillehamre; Sekretær og Inge Rolandsen er Kassèrar.

Arbeidsinstruks 2022.

- Arealberegning og grensetting av jaktfelt. Framdrift: under utarbeiding, og vil være klar til neste søknadsfrist Driftsplan ●
- Småviltjakt bygging av fakta. Framdrift; småvilt observasjoner vert gjort av medlemmer, tilfeldig, men ofte. ●
- Slakte/parteringskurs. Er utført hausten 2022 ●

- *Møter igjennom driftsåret.*

Styret har igjennom driftsåret handsama 5 styremøter, og i tillegg vore opplysende i sak om deling av eitt jaktfelt, og disputt om tildeling av fellingsløyver i eitt anna. I slike saker fungerer styret i tråd med gjeldande vedtekter nedfelte i §14.

«Føre på Jakta» og «Etterpå jakta» møte er fulgte slik intensjonane er lagt føre i statuttane, og møta er positive til å skape forståing i forvaltninga om storvilt jakta blant medlemmane og at denne er i tråd med gjeldande driftsplan.

Etter oppmoding frå styresmaktene søkte kommunen Miljødirektoratet om «kvotefri avskyting av hjortekalv» og denne ordninga var Hovda Utmarkslag deltakar i. Bakgrunnen for denne ordninga er at Miljødirektoratet har motteke vel dokumenterte skade,- og taps meldingar frå Landbruk,- og matdepartementet som er innrapportert av desse som har landbruk som inntekt og eksistensgrunnlag og altfor stor hjorteengde.

Kvotefri avskyting av kalv er eit tiltak som miljødirektoratet har igangsett, og har oppfordra forvaltarar av utmark om å følgje desse tiltaka opp.

- **Viltstatus og bakgrunn for fellingsutøving**

Teljing av hjortevilt var 23. April og 7. Mai og resultatet var: 677 og 418 dyr, noko som gir eit gjennomsnitt på 548 dyr, ein nedgang frå året før med 83 dyr.

Tildeling av fellingsløyver er rådgitt til styret av Storviltutvalet i Utmarkslaget, som Styret tek haldning til.

Storviltutvalet gjer ein svært god utøving, med kunnskap, føring av statistikk og fokus på god forvaltning og rådgir tildeling av fellingsløyver i tråd med utøvinga til det ein skilde jaktfeltet som er dokumentert i plikt messig innrapportering. Dette fungerer svært positivt og i tråd med godkjend driftsplan til Utmarkslaget.

Slaktevekta av felte dyr av jakta i 2022 er 11684 kg, og fellingsprosent i høve til driftsplan er 96%, dette er bra og er dermed nesten 100 % i tråd med gjeldande driftsplan.

Å følge driftsplanen er eit måleparameter som myndigheitene har fokus på under handsaming av komande driftsplanar.

- ***Fallvilt, grunna påkjøyrse av vegtrafikk.***

Påkjøyrde dyr er 24 dyr mot 16 påkjøyrde dyr førre året då perioda frå 13.03.2020 05.04.2021, ei auke på 8 dyr. Ei betring av rydding av skog og kantslått burde ha ført til mindre påkjøyrde dyr frå førre år, men det er det ikkje. Årsaka til denne auka er ikkje enkel å svare på, men det er då den offentlege etaten som har fokus til løysingar på dette. Styret i Utmarkslaget vil sjølv sagt gi tilråding dersom vi kan ha ei meining om sånt.

- ***Merking av hjort.***

2 medlemer og ein til under arbeidning er tilknytte «merking av hjort» prosjektet i regi av Fylket. Dette prosjektet er i aktivitet ut Mars månad. Medlemar i Utmarkslaget er bidragsytande til prosjektet og får dekte sine utgifter med henvending til kommunen.

- ***Økonomi***

Økonomien i lager er sunn, og med god styring, og utgifter til drift er formålstenleg for laget. 3 representantar har fått dekt utgifter i jaktleiarkurs og laget arrangerte 1 parteringskurs av slakt der veterinær og slaktar var kursinstruktørar.

Dette gir dokumentert kunnskap til jaktutøving og ivaretaking av felte dyr. Alle desse er kunnskaps-skapande og fører til auka verdiskaping i laget.

I Oktober mottok vi ei henvending om å gi stønad til skotpremie på røv, noko som laget støtta opp med 1200,-- kroner til Vanylven beitelag.

Valg av representantar

Instilling fra valnemnda

Styresamensetting i Hovda Utmarkslag

2023

Styret

Verv	Navn	Adresse	e-post	På valg
Leiar	Harald Søvdsnes	Eidså		2024
Nestleiar	Per Arne Sandnes	Fiskå		2024
Kasserar	Inge Rolandsen	Fiskå		2024
Sekretær	Per Marius Lillehamre	Fiskå		2025
Styremedlem	Aksel Kåre Øren	Fiskå		2025

Vara til styret

Verv	Navn	Adresse	e-post	På valg
1. vara	Anders Kjell Øren	Eidså		2024
2. vara	Håkon Brudevik	Fiskå		2024

Rekneskapsfører og revisorar

Verv	Navn	Adresse	e-post	På valg
Rekneskapsfører	Audun Sandnes	Eidså		2024
Revisor 1	Oddvin Kragset	Hakkalestranda		2024
Revisor 2	Inge Rekdal	Åram		2024

Valnemd

Verv	Navn	Adresse	e-post	Går ut
Leiar	Ove P Olsen	Eidså		2024
Medlem	Jan Myklebust	Nordstranda		2025
Medlem	Odne Oldeide	Hakkalestranda		2026

Sak 001-2023 Utarbeiding av plan og regulering av småviltjakt

Sak til Årsmøte 17.03.2023.

Sak nr.: 001/2023. Tema; Utarbeiding av plan og regulering av småviltjakt og fjellvatna.

fiskekort til

Bakgrunn for saka:

Styret i Hovda Utmarkslag har tilbake igjennom tidene sidan Hovda Utmarkslag vart stifta instruks om å utarbeide plan til forvaltning av småviltjakt og fiskekort til fjellvatna.

I statuttane til Hovda utmarkslag er fylgjande vedteke:

§ 3. Arbeidsoppgåver

Hovedarbeidsoppgåvene for utmarkslaget er å organisere storviltjakt, småviltjakt og fiske ved å utarbeide driftsplanar for aktuelle artar. Utmarkslaget skal også arbeide for medlemne sine interesser i saker som gjeld utbygging til næring og fritid, friluftsliv og naturvern og arbeide for å utvikle utmarksprodukta som næring til landbruket og ta vare på ressursane på lang sikt. Ålmenta sine interesser i utmarka skal også takast vare på.

Utifrå innhaldet i §3 vil derfor Styret utarbeide plan til forvaltning av småvilt. Slik plan set krav om kartlegging av mengde, tilvekst og ein oversikt om korleis uttak av småviltfelling skal ivaretakast på beste måte.

Uttak av fisk frå fjellvatna krev ikkje så mykje planlegging i etablering av driftsplan, men dersom Hovda Utmarkslag skal utarbeide forvaltning slik nemnt i §3 må styret take fatt i slik arbeidsoppgåve.

Fremjing:

Årsmøte sluttar seg til arbeidsplanen slik nemnt i ovanfornemnde tekst.

Vedtak:

Avsluttande saker til Årsmøte

Arbeids- og forvaltningsplan og budsjett for komande år.	
Godtgjersle for tillitsfolk. Innspel frå Valnemnda.	
Timeløn i dugnadsrekneskapen. Innspel frå Valnemnda.	
<p>Årsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga. Så langt ikkje anna er bestemt gjennom vedtektene vert alle vedtak i årsmøtet avgjorde med vanleg fleirtal.</p>	